

Norsk kulturskoleråd

Sogn og Fjordane

Referat frå styremøte 2018 – 1

Førde rådhus 18. januar kl. 1000
på møterom Eikåsnipa



Foto : UKM Nettredaksjon og Stock Foto



NORSK KULTURSKOLERÅD



Sogn og fjordane

Referat – styremøte 2018 – 1, den 18.1.18

Desse møtte:

- fra styret: Trude Skarvatun, Ann Karin W Ose, Arne Sunnarvik, Jan Geir Solheim
- vara: Anita Nordheim
- forfall: Grete Berntzen (styreleiar) og Dan Aasebø (vara 2)

Saker:

- | | |
|---------------------|--|
| Sak 2018 – 1 | Godkjenning av innkalling og sakliste.
Godkjend. |
| Sak 2018 – 2 | Godkjenning av protokoll fra siste styremøte, 19.-20.10.17.
Godkjend. |
| Sak 2018 – 3 | Økonomi 2017.
Utsending når klart, vedtak utsett til neste møte. |
| Sak 2018 – 4 | Økonomi 2018.
Utsending når klart, vedtak usett til neste møte. |
| Sak 2018 – 5 | a) Ny instruks for fylkesstyra.
Vedteken som førelagt i sentralstyret sin protokoll fra møte 2017 – 7, s. 23 og utover. Møteinkalling, sakliste og referat skal fra neste møte fylgje denne malen. |
| | b) Årshjul.
AU arbeider vidare med det, vedtak i neste møte. |

Grete Berntzen Styreleiar	Trude Skarvatun Nestleiar	Arne Sunnarvik Styremedlem	Ann Karin W. Ose Styremedlem
Jan Geir Solheim Styremedlem	Anita Nordheim Vara 1	Dan Aasebø Vara 2	

Sak 2018 – 6 Verksemndsplan: 2017 – 2019.

Styret ynskjer å fokusere på desse sakene i perioden:

- ✓ Inkludering, fattigdom/ vertskapstilskot. Korleis blir det brukt – alle rektorar etterspør lokalt og melder tilbake – sjå brev i vedlegg nr. 4, s. 10.
- ✓ Anita skriv kronikk bl.a om Kultur for alle
- ✓ Møte med Stortingsbenk: finne dato (Grete, Jan Geir) – tema bl.a Talent Norge for yngre elevar/ talentutvikling – Talent Norge, ny kulturmelding, generell info
- ✓ Møte med dei 4 regionsråda – talentprogram og betaling for «felles» elevar, ev årets kulturskulekommune mm
- ✓ Konferansen Felles barn, felles ansvar:
 - politisk dag 1. Ministrar. Samarbeid institusjon/ kulturskule (opera, fargespill, teater, kunstmuseet)
 - Kurs dag 2,5 t, div kurs for epdagogar (breddetilbod), f.eks:
 - Musikk (sjekk med MusTeck, Prod.nettverk)
 - Breddetilbod på ulike instr.grupper (innleid instr – løfte blikket)
 - Rytmisk musikkons (video frå Molde)
 - KorArti/ Krafttak for song
 - Digitale verktøy – JoyTunes (Florø)
 - Sibelius – vidarekommen/ ped.arr?/ MuseScore?
 - Dans
 - Visuell kunst – tagtool?
- ✓ Leiarmøte haust: drøfte innhald på neste møte

AU tek saka vidare fram til neste møte

Sak 2018 – 7 Innspel frå kommunar.

1. Askvoll – tenester til flyktingar
2. Vågsøy – om felles innkjøpsavtalar
3. Sogn kulturskule – om Felles barn, felles ansvar

Forslag til svarbrev til alle 3 ligg ved referatet (s. 7 – 9, og vert utsende etter godkjenninga.

Grete Berntzen Styreliar	Trude Skarvatun Nestleiar	Arne Sunnarvik Styremedlem	Ann Karin W. Ose Styremedlem
Jan Geir Solheim Styremedlem	Anita Nordheim Vara 1	Dan Aasebø Vara 2	

Sak 2018 – 8**Felles barn felles ansvar; oppgjer 2017 og plan 2018.**

Denne saka vart handsama før sak 1. Her møtte og Øyvind Høstaker og Eva Kristin Svidal frå fylkeskommunen (DKS og UKM).

Vedk. oppgjer for 2017: dette kjem med i øk.rapp i neste møte.

Punkt å ta med vidare i arbeidet med konferansen:

- Konferansen må spissast målgruppene for å appellere. Kulturskulelærarar og lærarar i grunnskulen er interessert det som er direkte relevant for eiga undervisning. Rektorar på kulturskulane, UKM-ansvarlege og lokalkontaktar for UKM har ei anna stilling i kommunane med ansvar for å tenkje meir overordna og kan ha eit program tilpassa det.
- Prøveperioden for Opera Nordfjord startar 26. september. Å ha konferanse 27. og 28. september er difor svært uheldig då mange frå kulturskulane er involvert i operaen. Vi sjekkar andre mulige datoar med Scandic Sunnfjord hotell. Førde hotell og Kviknes hotell kan vere mulige alternativ.
- Styret i kulturskulerådet er positive til at vi kan oppmode rektorane i kulturskulane til å etterspørje møte i kulturforum i kommunane ila vår18, der ein kan diskutere samarbeid mellom kulturskule, UKM og DKS i kommunen. Bruke lovtekst og den nye samarbeidsavtalen frå 2017 som grunnlag.
- Det er ønskjeleg med eit opplegg under konferansen som kan gje påfyll til distriktsmusikarane som sjølv produserer for DKS. Kan vere noko som går på utvikling frå idé til produksjon. Korleis lage gode produksjonar. Kan vi presentere ein produksjon publikum/deltakarane kan gje tilbakemelding på for å utvikle den vidare?
- Prøve å få ny kulturminister til dag 1.

Det er bestilt plass på Scandic Sunnfjord 20. og 21.9.18

Sak 2018 – 9**Om Kulturskule- Lutt og Dei nominerte er, med NRK S&Fj.**

AU har hatt møte med NRK. Stian ST er NRK sin mann. Den 4.5. i Florø samfunnshus. Arne ordn hus. Må ha nok lys, lyd og scenedekor: Arne. Grete og Stian konfr. Søkje midlar frå sentralt – Ole J. Ann Karin produsent + ein kunstlærar frå Florø + ev danselærar Florø. AU med i planlegging. Invitasjon til relevante fagpersonar/ instansar/ politikarar. Fagmøte rett før på kvelden for inviterte?

Grete Berntzen Styrelseiar	Trude Skarvatun Nestleiar	Arne Sunnarvik Styremedlem	Ann Karin W. Ose Styremedlem
Jan Geir Solheim Styremedlem	Anita Nordheim Vara 1	Dan Aasebø Vara 2	

- Sak 2018 – 10** **Innspel til saker til Vestlandsmøtet 26. – 27.4.19, Stavanger.**
- Fylkessamanslåing/ organisasjon
 - Landsstyret
 - Reiseutjamning LT
 - 25% mva på notebøker kontra andre bøker
 - Talent Norge
 - Regjeringsplattforma
 - Repr: leiar, nestleiar og Jan Geir, Ole Jakob
 - o Ole J org reisa
- Sak 2018 – 11** **Årets kulturskulekommune 2018.**
Ingen nominasjon frå S&Fj.
- Sak 2018 – 12** **Samarbeid med**
a) NMF 100 år.
Oppmode kult.sk til å ha samarbeidsarr ila. året.
- b) Turlaget 150 år/ Dagsturhytter.**
Oppmode kult.sk til å ha samarbeidsarr ila. året.
- Sak 2018 – 12** **Repr leiarkonferansen 5. og 6.4.18, NMH.**
Leiar reiser på vår rekn, ev annan person frå styret.
- Sak 2018 – 13** **Styremøtet 24. og 25.5.18, Lærdal, planskisse:**
- Møte rektorar i sogne- nettverka føremiddag
 - Felles lunsj
 - Styremøte Tyin kveld + neste dag
- Sak 2018 – 14** **Eventuelt.**
- Regjeringsplattforma – drøfting.
 - Landsstyret saker – utsett.
 - Kulturnatt fred 1.6. – heile fylket? AU tar det vidare.

Grete Berntzen Styreleiar	Trude Skarvatun Nestleiar	Arne Sunnarvik Styremedlem	Ann Karin W. Ose Styremedlem
Jan Geir Solheim Styremedlem	Anita Nordheim Vara 1	Dan Aasebø Vara 2	

Referatsaker:

- Oppfølging frå felles møte styret og regionsrektorane i Nordfjord, okt17, drøfting
- Innspelsmøte ny Kulturmelding 17.1.18, gjennomgang
- Møte om den kulturelle spaserstokken 19.1.18 – Trude deltek
- KS medlemsdialog er gjennomført
- Høyring regional kulturplan er levert
- PPU- utdanning i fylket, utsett
- Ny veileder- runde, info

Møtet slutt kl. 1510.

Ref. Ole Jakob Nedrebø, rådgjevar.

- Vedlegg:
 - o 3 brev frå sak 2018 – 7 (sjå s. 7 – 9)
 - o 1 brev frå sak 2018 – 6 (sjå s. 10)

Signert dato/ år:

Styreleiar	Nestleiar	Styremedlem	Styremedlem
Styremedlem	Vara 1	Vara 2	

Vedlegg 1.

Svarbrev til Vågsøy kulturskule:

Styret i Norsk kulturskuleråd handsama innspelet dykker i møte den 18.1.18. Saka gjeld innkjøpsavtalar på kvalitetsutstyr som kulturskulane treng.

Styret meiner i utgangspunktet at dette er noko den enkelte må spele inn til rette vedkomande i sin kommune. Dette fordi NKR ikkje er med på arbeidet med å utvikle desse avtalane, det føregår i eit samspel mellom kommunane og fylkeskommunen. Styret var elles usikre på verdien av slike avtalar; dei kan vere avgrensande for val av leverandør, dei kan av og til føre til dyrare kjøp, og i tillegg veit vi at dei fleste kulturskulane har så små innkjøpsbudsjett at byråkratiet vert stort i høve potensialet. Utan avtale står kulturskulnae fritt til å handle den kvaliteten dei ynskjer der det høver dei best – så lenge innkjøpa er under grensa for offentlege anbod.

Førde 18.1.18.

Styreleiar Grete Berntzen (s)
Rådgjevar Ole Jakob Nedrebø

Vedlegg 2.

Svarbrev til Sogn kulturskule:

Styret i Norsk kulturskuleråd handsama innspelet dykker i møte den 18.1.18. Saka gjeld kva fokus og tidspunkt dei regionale samlingane våre skal ha.

NKR S&Fj har avtale med fylkeskommunen v/ UKM og DKS å arrangere konferansen «Felles barn felles ansvar» også i 2018, den 20. og 21.9.

I denne samanheng syner vi til den nasjonale avtalen mellom desse tre ordningane: <http://kulturskoleradet.no/nyheter/2017/september/viktige-kulturavtaler-til-barn-og-unges-best> Eit sentralt sitat er: «*Kulturskole, DKS og UKM er tre offentlige ordninger som bidrar positivt i barn og unges oppvekstmiljø. Det er ønskelig med lokalsamfunn hvor alle tre tilbud fungerer godt. Helhetstenking og sammenheng mellom tilbudene vil gi enda større gevinst.*». Både i fylkeslaget, og som leiarar og tilsette i dei lokale kulturskulane er vi forplikta til å fylgje dette opp med konkrete handlingar.

Men for å imøtekome flest mogeleg, har konferansen i september vore lagt opp slik at vi både får jobba på tvers av dei tre ordningane, og meir tradisjonelt med pedagogiske nettverk/ leiarnettverk tilpassa kulturskuletilsette.

Elles meiner styret at deltaking i utviklingsarbeid/ kurs osv ikkje er den enkelte lærars val, det ligg til leiaren sin styringsrett å prioritere pedagogane sin årsplan.

Tidspunkt kan ein alltid drøfte, styret trur at det uansett vil vere nokon som meiner eit anna tidspunkt er betre. Medio september er eit sterkt ynskje frå UKM og DKS, og då ynskjer ikkje NKR S&Fj å endre det.

To faste samlingar årleg, ei for alle tilsette og ei for leiarar, tenkjer fylkesstyret er nok til vanleg. NKR arrangerer også mange gode nasjonale samlingar gjennom året, og vi ynskjer ikkje at våre samlingar skal bli så mange, at det hindrar oss i å delta også på nasjonale arrangement.

Innhaldet vert arbeidd med utover våren – vi tek gjerne i mot innspel med takk, slik at kursa vert så relevante som råd er for pedagogane.

Førde 18.1.18.

Styreleiar Grete Bertnzen (s)
rådgjevar Ole Jakob Nedrebø

Vedlegg 3.

Svarbrev til Askvoll kulturskule:

Styret i Norsk kulturskuleråd handsama innspelet dykker i møte den 18.1.18. Spørsmålet var om det finns reglar eller praksis rundt prising av tenester til flyktningar.

Styret kjenner ikkje til nasjonale føringar her, det er opp til den enkelte kommune å fastsetje dei tiltak ein meiner er føremålstenelege.

Imidlertid ynskjer styret å skaffe seg oversikt over i kor stor grad vertskapstilskotet har vore brukt i kulturskulane rundt om i fylket, og vil arbeide vidare med saka etter den tråden. Vi vil og trekke inn eit meir generelt fokus på arbeidet rundt fattigdom og inkludering i kommunane, og den rolla kulturskulane kan spele her. Resultatet av denne kartlegginga vil sjølvsagt bli tilsendt alle kulturskulane.

Førde 18.1.18.

Styreleiar Grete Berntzen (s)

Rådgjevar Ole Jakob Nedrebø

Vedlegg 4.

Brev til kommunane i Sogn og Fjordane om kulturskulen si rolle i integreringsarbeidet.
Brevet vert sendt til kommunen sitt postmottak v/ ordførar.

Styret i Norsk kulturskuleråd Sogn og Fjordane drøfta i møte 18.1.18 i kva grad kulturskulane i fylket vårt aktivt vert nytta i det kommunale arbeidet med inkludering. Det kan gjelde både inkludering av innvandrarar, men og andre grupper, som f.eks barn i familiar med svak økonomi. Vi ser at det ikkje finns noko oversikt over dette feltet.

Styret ber difor om at kommunane melder kort tilbake om i kva grad dei nyttar kulturskulen som del av dette arbeidet, og særleg om dei har brukt delar av vertskapstilskotet for å finansiere relevante kulturskuletilbod. Der det har vore gjort konkrete tiltak, er vi glade om desse kort vert skissert, saman med eventuelle effektvurderingar av tiltaka.

Ber om svar innan 1. mars 2018 til vår rådgjevar, på
ole.jakob.nedrebo@kulturskoleradet.no

Førde 18.1.18.
Styreleiar Grete Bertnzen (s), 959 82 977
Rådgjevar Ole Jakob Nedrebø, 9017 0920